



Terje Fløysand  
Fløksand 76  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1892 - 17/16961

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
30.08.2017

## Svar på spørsmål om allemannsretten

Viser til dykkar epost datert 31.07.2017 og foreløpig svar frå Meland kommune datert 01.08.2017, der de stiller spørsmål om ferdsel og opphald langs Bjørndalsvatnet. De spør om retten til å ferdast på ein avgrensa strekning langs vatnet, og om grunneigar har rett til å kunne vise vekk folk frå område.

Folks rett til ferdsel og opphald er forankra i friluftsløva, retten til ferdsel og opphald er styrt av kva slags mark ein skal ferdast i og eventuelt opphalde seg ved. Vidare kan aktiviteten ein utøver eller skal utøve styra kor ein kan utøve aktiviteten. Som eit utgangspunkt kan ein ferdast til fots dei fleste plassar. Dette vert styrt etter definisjonen av innmark og utmark i lova. Etter lova er innmark, eller det som reknast som likt innmark, unntatt fri ferdsel, og ferdsel kan berre skje på bestemte tider av året eller i bestemte situasjonar. Til dømes kan ein ferdast til fots over dyrka mark når den er frosen eller snødekt i perioden 14. oktober til 30. april. Det er framleis ikkje ope for ferdsel på gardsplass, hustomt, inngjerda hage, park eller liknande. Det er viktig å understreke at område som har liknande karakter som hustomt og gardsplass kan reknast som innmark dersom allmenta sin ferdsel vil vere til utilbørlig fortrengsel for eigar eller brukar. Det same gjeld for område til industri eller liknande. Som opplyst i brev dagsett 01.08.2017 frå Meland kommune er delar av arealet du viser til satt av i kommuneplanens arealdel til LNF- spreidd næring. Det er i kommuneplanen vist til at arealet er satt av til område for sagbruk, lagerplass/lagerbygg. Det er i dag eit bygg på staden som nyttast som sagbruk for garden.

Retten til rasting, solbad eller bading er ikkje like vid som retten til ferdsel. Sjølv om ein har lov til ferdsel over eit areal, er det ikkje nødvendigvis lov å opphalde seg der over tid. Alle har rett til å bada i vassdrag i utmark, så lenge dette skjer i rimelig avstand frå hus eller hytte, og det ikkje er til utilbørlig fortrengsel eller ulempe for andre. Det same gjeld for rasting og solbad. Det er eit skilje mellom type opphald i lovverket. Til dømes er eit kort opphald for å sjå på utsikten, rekna som ein del av ferdselsretten. Fisking er til dømes eit opphald som ikkje fell under ferdselsretten som eit kort opphald, da det ofte skjer over tid på same plass. Det er døme frå rettsvesenet som presiserer at retten til opphald av ein viss varighet ikkje er like vid som retten til ferdsel.

I epost datert 31.07.2017 har De lagt ved eit kart med eit avmerkt område. Det er i dette område lov å ferdast til fots. Sjølv om område er lagt ut i kommuneplan som LNF-spreidd næring, er det i hovudsak fortsatt utmark da det ikkje er utbygd. Administrasjonen legg også vekt på at arealet er eit landbruks-

natur- og friluftsområde. Det er viktig å understreke at ferdsel ikkje skal vere til fortrenghet for eigar eller brukar. Når det gjeld rett til opphald over ein viss varigheit er dette meir usikkert. Deler av arealet rundt bygningen er tydeleg opparbeid og ber preg av privat bruk. Administrasjonen meiner at allmenta truleg ikkje kan opphalde seg over ein viss tid i nærleiken til det opparbeide arealet utan løyva frå grunneigar. Administrasjonen tenker i denne samanheng på aktivitetar som fiske, rastning, solbad og bading. Det er viktig å understreka at dette ikkje gjeld heile strekninga som er merkt av på kartet, men gjeld nær bygningen og opparbeid uteplass.

Administrasjonen vil samtidig vise til at rettane til ferdsel og opphald etter friluftslova også gjev plikt til god ferdselskultur. Alle som ferdes eller opphald seg på annan mansk grunn skal opptre omsynsfullt, varsamt og ikkje volde skade for eigar, brukar eller miljø. Grunneigar har rett til å visa bort folk som opptre omsynsløst eller som utsett eigeidom for skade eller ulempe.

Kommunen si uttale har heimel i friluftslova §20. Utalen er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lars Ottar Sagstad

Bjørndalsvegen 5918  
181

FREKHAUG

**Mottakere:**

Terje Fløysand

Fløksand 76 5918

FREKHAUG